



John Øyjordsbakken
Solberget 6
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/228 - 19/3553

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

20.02.2019

Godkjenning - GBNR 1/309 - Løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustad - Flatøy

Administrativt vedtak. Saknr: 35/2019

Tiltakshavar:

John Øyjordsbakken

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Tiltakshavar, John Øyjordsbakken, har søkt om løyve til oppføring av tilbygg i form av å innlemme eksisterande terrasse som ein del av stova på gbnr. 1/309 i Meland kommune.

Eigedomen er matrikkelført med eit areal på 1557 m², og John Øyjordsbakken står registrert som heimelshavar.

Eksisterande bustad er oppgeve med eit bruksareal (BRA) på totalt 279 m², og det er søkt om løyve til oppføring av tilbygg på om lag 12,4 m² BRA. Eigedomen vil då samla vere bebygd med eit areal på 291,4 m² BRA. Berekna grad av utnytting etter oppføring av tiltaket er på 18,7 % BRA, og innanfor 25 % BRA som *Reguleringsplan for Flatøy Sør Aust*, planid: 125619971015, legg opp til.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 04.02.2019. Søknaden var ikkje komplett då han var motteken, men etterspurt tilleggskdokumentasjon vart motteken journalført den 06.02.2019.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første og andre ledd, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av tilbygg til eksisterande bustad er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadsppliktig etter pbl § 20-2. Storleiken på tiltaket inneber at tiltakshavar sjølv kan stå som ansvarleg for søknad og utføring, jf. byggjesaksforeskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a), jf. pbl § 20-4.

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustad, B3, i reguleringsplan for Flatøy Sør Aust, planid: 125619971015. Tillat tomteutnytting (BRA) for dette området er 25%.

Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen, og kan difor tillatast.

Tiltaket si høgd og plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdplassering, og byggverket si høgd.

Omsøkt høgd er i samsvar med pbl § 29-4 første ledd, og skal plasserast i direkte tilknytning til eksisterande bustad. Kommunen kan difor godkjenne omsøkt høgd og høgdplassering.

Tiltaket si utforming:

Administrasjonen finn at det omsøkte tiltaket stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Infrastruktur:

Tiltaket endrar ikkje tilhøva til vatn, avlaup og tilkomst.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a), jf. §§ 20-2 og 20-4, løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustad på gbnr. 1/309, som omsøkt. Grunngeving går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Tiltaket skal utformast som vist på vedlagte fasade-, snitt- og planteikningar, journalført motteke 06.02.2019.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast

søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggjesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar GBNR 1/309

Mottakarar:

John Øyjordsbakken

Solberget 6

5918

FREKHAUG